

Saksprotokoll

Formannskapet og
næringsutvalet

19.09.2018

Sak: 86/18

Tittel: Saksprotokoll - Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2029 - planprogram
offentleg ettersyn
Arkivsak: 17/3690

Behandling:

Rådmann orienterte om planprogrammet.

Formannskapet drøfta programmet, føringar for sakshandsaming, oppfølgjande arbeid og aktuelle endringar.

Rådmann vert bedd om å vurdere /ta inn i høyringsframlegget:

Generelt:

*Sakshandsaming for frådeling/dispensasjonar for bustadbygging – når søknader tidsmessig passar med KPA-prosessen så er det ok at dei vert innlemma i KPA, men slike saker må ikkje få unødige ventetid.

*ROS, ras og flaum, legg svært store begrensingar for gjennomføring av tiltak i mange bygder – her bør det prioriterast oppfølgjande arbeid og etterprøving der vurderingar framstår som urimelege.

Tilrådde tiltak: -Gjennomgangen gav ingen spesielle merknader for endring/oppfølging.

Ikkje tilrådde tiltak:

*Tiltak Hyrnvollen/Mørkridsdalen, utan overnatting, kan vere aktuelt å vurdere.

*Innspel om hytteområda Moane vert teke inn i høyringsframlegget med krav om reguleringsplan.

*Innspel om Høyheimsvik m/både bustad og fritidshus vert teke inn under føresetnad av at steinbrot vert avvikla. Planområde vert tilpassa. Dette via ny reguleringsplan. (oppf.planoppgåver)

*Innspel Lambhaug/Kjos, bustadbygging, vert teke inn. Vert konsekvensutgreidd , ev reguleringsplan.

*Innspel Engjadalen, fritidshus vert teke inn slik. Tiltak 1 og 2 vert teke inn og konsekvensutgreidd.

*Innspel Helikopterplass Skjolden. Det vert opna for ei nærare vurdering, gitt interesse frå kaieigar, med seinare konsekvensutgreiing for det aktuelle område sør for cruisekaien og ev reguleringsplan. (oppf.planoppgåver)

*Småbåthamn Solvorn. Det vert lagt ut forslag om småbåthamn i Neset og Habn. Planane tek ikkje opp i seg «fullverdig» vegløyseing til Neset.

*Bustadstrategi Gaupne. Det vert utarbeidd endra strategi for å dekkja bueiningsbehovet i Gaupne i planperioden. Utvida utnyttingsgrad for nokre område vert vurdert. Ny inndeling av Grindane 1 (som vert mindre) og Grindane II.(som vert større). Grindane 1 inngår for å dekkja behovet. Grindane 2 vert sett på vent. Eit mindre område nordaust for Øyagata vert teke inn i strategien. Kapasitet i Marifjøra kan i noko mon reknast inn i kapasitetetsbehovet.

Oppfølgande arbeid;

- Fokus på og klargjering av rekkefølgebestemmelsar.
- Trafikk/parkering Solvorn i og i tilknytning til fylkesvegen inkl ev trafikkanalyse mv..
- Forankring, ev og noko fornying av stadanalyse Gaupne.
- Landskapsanalyse Hafslo bør i større grad verte ein sentrumsanalyse.
- Avregulering av hytteområde bør det sjåast nærare på.
- Står føringa på å primært ha bygging av hytter i felt seg.

Ordføraren ser over det endelege høyringsframlegget før utlegging.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

I samsvar med reglane i Plbl §11-14, jf §11-1 og 5, vert framlegg til revidert arealdel for Luster kommune 2018 – 2029, med kommuneplannemnda sine endringar, lagt ut til offentleg ettersyn og oversendt aktuelle fagorgan for vurdering.
